



*Morgedal Idrottslag*

## Styre og utval sin samansetning i 2023

Styre	
Leiar	Tarjei Gjelstad
Nestleiar	Gro Annie Råmunddal
Sekretær	Johan Gjersund
Kasserar	Åse Margit Gjersund
Vara	Harald L Gjelstad
Trimgruppa	
Leiar	Hilde Berntsen
Medlem	Sigrid Råmunddal
Medlem	Elisabeth Tønnesland
Skigruppa	
Leiar	Karin Kvålset
Medlem	Kjersti Andersen
Medlem	Randi Andersen
Representant til Idrettsrådet	Tarjei Gjelstad
Valkomite	
Leiar	Silje Moen
Medlem	Olav Råmunddal
Kontrollutval leiar	Eivind Berge
Kontrollutval medlem	Signe Berge

### Styret sitt arbeid

Årsmøte for 2023 vart gjennomført på Dølehalli 9. mars. Det har vore 3 styremøte i 2023. På styremøta møter også leiar i vintergruppa og leiar i trimgruppa. Det har i tillegg vore kontakt via e-post.

Det har vore arbeid med å søkje om midlar til å finansiere oppgradering av ljosløypa i Morgedal i 2023. Midlar frå Sparebankstiftelsen DNB kr 400 000, Sparebanken Sør kr 200 000 og Grønt lys kr 97 000 gjer at ein har eigenkapitalen på plass. Det er levert ein søknad om spillemidlar innan fristen.

Det har vore dugnadsinnsats med å rydde ljosløypa og Vest Telemark skogsdrift har planert ein del av løypa.



Laurdag 10.juni arrangera MIL Sondre`s styrkeprøve for fyrste gong. Arrangementet var i sentrum av Morgedal og var for barn opp til 12 år. Øvingane var løping samt diverse utfordringar undervegs. Nesten 50 ungar frå fleire kommunar deltok. Styret vil fortsette med arrangementet i 2024 og utvide for fleire aldersgrupper.

Det kom inn ynskje på årsmøte om eit styrkerom på Dølehalli. Morgedal IL har ei leigeavtale med Dølehalli om bruk av det som tidlegare var bibliotek. Frå hausten 2023 har Morgedal styrkerom vore i drift med 19 betalande brukarar.

### **Skigruppa 2023**

*Skikarusell og Skøytekarusell.*

Det ble gjennomført Skikarusell i Ljosløypa vinteren 2023. Det var til saman 21 ungar innom skikarusellen og mange var med fleire ganger. Det var til saman 5 tirsdager + ein avslutningsdag på grendehuset.

I tillegg til Skikarusell var det fleire kveldar med skøyteaktivitet og hockey på isen.

*Skirenn og resultat.*

Gunhild Kvålseth deltok på Helterennet 2023 og fikk en 3. plass totalt av damene og fikk 4. plass i seniorklassa på Haukelirennet 2023

*Løp*

Motbakkeløp i NM Skuggenatten opp deltok Gunhild for MIL. Hun løp inn til 5. plass totalt av damene og fikk 2. plass i Jr. NM

### **Trimgruppa 2023**

Morgedal IL var med på Stolpejakten i 2023. Det var stolpar fleire stadar i Morgedal og dei var alle godt besøkt.

Ribbemarsjen vart like godt besøkt som tidlegare, det var rundt 60 personar som gjekk til Øverbø i løpet av dei to timane. Veldig koseleg å sjå at så mange tok turen, inkludert gjester ved hotellet. Då får ein også vist fram litt av historia.

Til slutt vil vi også nytte høvet til å takke alle sponsorane og støttespelerane våre.

**Vår trufaste hovudsponsor Sparebanken Sør har som alltid vore ein viktig støttespelar.**

Beste helsing styret i Morgedal Idrottslag. v/ leiar Tarjei Gjelstad